



Landbruksdirektoratet
Postboks 1450 Vika
0116 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

Oversending av klage på vedtak om avslag på dispensasjon frå etterregistreringsfrist - produksjons- og avløysartilskot 2020

I vedtaket vårt frå 29.01.2021 fekk føretaket Elin Backus, org.nr 988 613 096, avslag på søknad om dispensasjon frå etterregistreringsfristen 10. januar 2021. Føretaket klaga på vedtaket 16. februar 2021. Klaga kom innan klagefristen.

Vurdering

Søkjjar fekk ikkje etterregistrert avløysarutgifter innan fristen 10. januar grunna feil i Altinn. Ho klarte ikkje å finne nokon «endre innsendte opplysningar» knapp. Ho har brukt same inngang tidlegare og fått det til. Sidan det var helg, kunne ho ikkje få hjelp frå landbrukskontoret heller. Backus har betalt ut løn til avløysar og håpar ikkje datakrøllen skal koste ho over kr 10.000,-. Ho meiner at datakrøll og feil må reknast som forbigåande årsak og skriv at dersom søknaden hadde vore skriftleg, ville ikkje dette skjedd.

Vi har forståing for at det kan vere vrient å finne fram i Altinn og at det ikkje alltid er enkelt å få tak i landbrukskontoret (her sidan det var helg).

Regelverket kring dispensasjon er strengt. Dispensasjon kan berre gjevast i særlege tilfelle og når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanom føretaket sin kontroll. Slik vi oppfattar regelverket og systemet, finst det andre metodar for å logge inn/ få etterregistrert avløysarutgifter enn den som blir skissert i søknaden om dispensasjon. Vi kan ikkje sjå at dette er dispensasjonsgrunn.

Vi kan ikkje sjå at det i klaga har kome fram nye opplysningar som har betydning for utfallet av saka. Saka vert oversendt til Landbruksdirektoratet for vurdering og endeleg vedtak.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Saksdokument

Kopi til:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
ELIN BACKUS		5939	SLETTA